



Majo eigedom AS  
Lindåsvegen 154  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4022 - 16/1717

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
21.01.2016

## Trong for tilleggsdokumentasjon ved søknad om ferdigattest - gbnr 45/6 Sletten.

Kommunen viser til søknad om ferdigattest mottatt 12.01.2016.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande:

- Dokumentasjon på at det er hygienisk trygg og tilstrekkeleg kapasitet på vassforsyninga, jf vilkår i rammeløyve datert 26.03.2015.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.02.2016. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Kopi til:**

Randi Sletten Flæesland

Vadbuvegen 200 5955

LINDÅS

**Mottakarar:**

Majo eigedom AS

Lindåsvegen 154 5914

ISDALSTØ